“Vibaa er komaa!”

Nokre drag ved det litterære språket i romanen *Fred* og andre verk av Arne Garborg

Av Inge Særheim

I Arne Garborgs litterære verk er ordval, språkleg form og målføring ein viktig del av miljø- og personskildringa, og har klar litterær funksjon. Garborg omtala Fred *(1892) som sin “naturalistiske Jærroman”. Også språkleg kan dette kallast ei Jær-bok, for mange ord og uttrykksmåtar i romanen samsvarar med jærmålet. Oftast er lokalfarga ord normerte i tråd med det normeringsgrunnlaget som elles er nytta i bøkene. Men i nokre høve er dei skrivne i samsvar med dialektuttalen, gjerne for å få fram ein spesiell stilistisk og litterær effekt. Då Garborg like etter 1900 tilpassa dei litterære verka sine til midlandsmål, fekk* Fred *ei språkform som ligg lenger borte frå jærmålet enn det ein finn i førsteutgåva. Men i ordtilfanget styrkte han innslaga frå dette målføret.*

Som målpolitikar og språknormerar gjekk Garborg sterkt inn for at det nynorske skriftspråket skulle byggja på midlandsmål, særleg telemålet, av di norsk åndsliv i denne delen av landet hadde levd ubrote frå gammal tid. Som skribent og ein av grunnleggjarane av nynorsk skriftkultur utnyttar Garborg òg rikdommen i heimemålet sitt, og han medverkar slik til at dette målet òg blir del av eit sams skriftspråk. Han er med på å skapa eit norsk riksmål (landsmål) som byggjer på, er samnemnar for og har element frå dei nedervde norske dialektane.

1 Innleiing

Like etter det førre hundreårsskiftet valde Arne Garborg (1851–1924) å tilpassa dei litterære verka sine på landsmål til ei språkform som samsvarar med uttale- og bøyingsmåte i midlandsmåla. Det er denne språkforma me møter i *Skriftir i Samling* (1908–09 og 1921–22). Både Kristiania-bøker frå 1880-åra og Jær-diktinga frå

1890-åra fekk midlandsform. Også i anna skriveverksemd på landsmålet vart dette normgrunnlaget hans kring 1902.

Mange lesarar vil likevel meina at det er mykje vestlandsmål, særleg jærmål, i bøkene til Garborg. Forfattaren har teke med ord og uttrykksmåtar som er særmerkte for sørvestnorske målføre, og orda får i somme høve ei normering som høver med dette dialektgrunnlaget. Særleg i *Fred* (1892), som forfattaren omtala som sin "naturalistiske Jær-Roman" (Garborg 1924: 246), finn ein innslag frå jærmålet. Også i *Knudaheibrev* (1904), der han fortel om sin eigen oppvekst i Time, har han nytta ei rekkje ord og vendingar frå heimemiljøet sitt, ofte med opplysningar om tydinga til orda og bruken av dei.

Av di ordtilfang og andre sider ved språket synest ha samband med dei emna som forfattaren tek opp, og dei miljøa han skildrar, kan ein rekna med at språkleg form, ordbruk og målføring har bestemte litterære funksjonar, altså nær tilknyting til meininga og bodskapen i det litterære verket. Det er naturleg å spørja om ulike normeringsgrunnlag og stilideal kjem i konflikt med kvarandre, eller om dei utfyller kvarandre på ein naturleg måte. Kring det førre hundreårsskiftet var Garborg den fremste forsvararen av nynorsk målreising, og han var medlem av den første rettskrivingskomiteen for landsmålet. Også det synest ha spela inn ved dei ulike språkvala han gjorde i diktinga si.

2 Stil og målføring

Grunnlag i tele- og midlandsmål er òg tydeleg i stilen og språkføringa til Garborg, t.d. i diktsyklusen *Haugtussa* (1895), der folkevisetonen kling med. Av Garborgs skjønnlitterære verk er nok *Haugtussa* best kjent. Det er likevel som prosaist at Garborg har hatt mest å seia. Han tok opp mange emne i prosaen sin og utvida bruksområdet til landsmålet sterkt. På dette feltet var han nybrotsmann.

Også når det gjeld prosa, meinte Garborg at det nynorske stilidealet burde søkjast i innlandsmålføra. I den sjølvbiografiske forteljinga *I Heiane* (1900) konkluderer han med følgjande ord etter å ha høyrt på gode forteljarar ein kveld i Setesdalen – i "Ljòrestogo hjaa Gunnar Drengsson paa Ose":

> Det var ny norsk Sogustil, rein og fast, den gamle i Klang og Fynd, men med dette nyare Drag av mjukare Kjensle, Songtonen. Og Maale smøygde og bøygde seg um Tanken ledugt og lett, med ein Rikdom som alltid fann rette Orde. Tekin og modlaus sat eg og høyrde paa. Det var her ein skulde lære norsk Stil; og so hadde eg gjengi burt mine beste Læreaar ute i den store Stilrøra (Garborg 1903: 126)

I same reiseskildringa fortel Garborg om møtet med ein god språkbrukar frå heimetraktene, nemleg "ei gamal brun Kjering" på Mjåland i Østabødalen (Forsand, no Gjesdal). Både målforma og den sikre målføringa hennar gjorde inntrykk på han: "Ho lærde meg paa denne Stundi noko som alle mine Skular ikkje hadde kunna

segja meg, og som eg sjølv ikkje hadde lagt Merke til fyrr: at Bygdemaale mitt var vent, og at det hadde ein Forteljekunst" (Garborg op. cit. 94)

I *Knudaheibrev* fortel Garborg om gode forteljarar som han møtte under oppveksten i Time. Dei vart modellar for han i forteljekunst. Ein av dei var hans eigen farbror, Ola Garborg, som òg på andre måtar fekk mykje å seia for unge Aadne: "Han hadde Sogur fraa Sjø og Land, fraa Handel og Vandel, um Moro og Aalvor og alle Ting, og han fortalde so ein kjende at han var med i Sogune sine. Aldri veit noko Meneskje kva Hjelp slik ein Sogumann kan vera for eit Barn" (Garborg 1904: 130).

Som Vinje såg Garborg den nære samanhengen mellom det folkelege og det klassiske, t.d. mellom den målføringa som han møtte hjå gode forteljarar under oppveksten, og språkføringa og stilen i tekster på gresk og latin som han las på studentfabrikken i Kristiania. Fleire forskarar har understreka at målføringa til Garborg både i diktinga på prosa og poesi er stilsikker. "Det er visseleg ingen norsk diktar som har spela på eit så mangstrengja stilistisk instrument som Garborg", skriv Dale (1950: 258). Garborg sa sjølv at han i diktinga let forma retta seg etter emnet (Garborg 1925: 114).

Innom same diktverket finn ein veksling mellom ulike stiltypar. Mæhle (1969) har vist korleis Garborg i *Den burtkomne Faderen* (1899) hentar modellar både frå Salmane, Preikaren, Jobs bok og profetane, dessutan frå Jesus og apostlane si forkynning og frå Johannes' openberring. Slik skildrar han utviklinga til hovudpersonen Gunnar og møtet hans med broren Paulus.

I *Fred* kan ein på liknande måte sjå korleis Garborg nyttar ulike språk og stilartar i karakterteikninga, jf. den omstendelege og stundom smiskande språkføringa til somme reisande, t.d. Fante-Tomas og Carolus Magnus, som legg ut i det vide og breie "[m]ed mange søte Ord og i utruleg vridne og vrange Bugter og Krokar" (Garborg 1892: 131), dessutan det direkte, usminka og rett på sak-språket til nokre bygdefolk, t.d. Napolon og Salomon Storbrekke. Det er sistnemnde som stiller følgjande spørsmål til Enok Høve: "er det sant dei seier, at du hev vorte galen?", og "Trur du kanskje, Vaarherre bryr seg um all den Bæktinga di? – Dei seier du ligg og remjar og syng heile Sundagen, akkurat hvorso Kjetta, naar ho ræer" (op. cit. 179 f.).

Ein møter ulike variantar av religiøs språkbruk. Forfattaren skildrar utviklinga til einskilde personar, t.d. hovudpersonen Enok Hove, gjennom språket og stilen. Den religiøse omvendinga vert eit vendepunkt for Enok, noko som òg kjem til uttrykk på setningsplanet, ved attgjevinga av tankar og replikkar. Før omvendinga, når angsten og helvetesredsla plagar Enok, vert tankane hans attgjevne i korte setningar og setningsfragment, ofte utan samanbindande ord, og med mange spørsmål og utrop, og stundom med innskot av bibel- og vekkingsspråk på dansk.

> Angesten kom i Rider so harde, at han sveitta. Den som kunde røma, gjøyma seg! "Bjerge falder over os, og Høie, skjuler os! – for Lammet og hans Vrede!" – Men rundt um var Gud, og kor ein kom, var Gud; stengt, stengt til alle Kantar av Gud; um han kunde fara so snøgt som ein Tanke og gøyma seg ved Enden av Verda, ja

> um han vilde røma aat hi Verda, um han vilde reida si Seng i det utarste Helvite, – – Gud var der, Gud var der; ingen Utveg, ingen einaste trygg Flekk (op. cit. 59).

Like etter omvendinga er det lange, velforma og ordrike setningar med samanbindande ord, oppattakingar, parallelle uttrykk, samanlikningar, allitterasjon og andre retoriske verkemiddel som er nytta for å gje att tankane hans:

> Han vilde faa symja i Ljos og Liv, kjæta seg i Varme og Sol, svelja og svarma i Guds gode Ting; og han vilde finna Raader og Hjelp i alle Mot, Trøyst i all Sorg, Lækjedom mot alle Mein, Upplysning i all Tvil, Bot mot all Brest, Kvild for alt Kav, Livd mot alle Stormar. Guds Ord var hans Heim, hans Bu og hans Borg, hans Tempel og Tun, hans Lysthus og Paradis. Man naar dei vonde Dagarne kom og Satan sette inn, daa vilde Orde vera hans Vaapenbu og Festning. Der vilde han finna baade Sverd og Skjold, baade Boge og Pil, og Styrken med; men fyrst og sist vilde han finna det som heldt, naar alt glapp –: den sterke Handa med Naglegape (op. cit. 66)

Mot slutten av romanen, når angsten tek Enok, er det knappe setningar og setningsfragment, med utrop og spørsmål og manglande samanbinding som dominerer (Særheim 2002a: 206 ff.).

Viktige litterære retningar for Garborg som prosadiktar var naturalismen og impresjonismen, bl.a. med krav om tidrette og truverdige miljøskildringar, og med framstilling av personane som resultat av det miljøet dei spring ut av. Dette set òg sitt preg på språket og språkføringa, både uttale og bøying, ordval og setningsbygnad, dessutan oppbygginga av tekstane i større einingar – avsnitt og kapittel. I opningskapitlet i *Fred* er setningsbygnaden med innleiande stadadverbial i annakvar heilsetning ei avspegling av meiningsinnhaldet i romanen: naturen som ramme for menneska og grunnlag for utviklinga deira (Dahl 1969). Når Garborg i *Fred* (og *Knudaheibrev*) skildrar havbølgjene som bryt mot land, nyttar han ofte lange, duvande heilsetningar med 'bakvekt', stundom presens partisipp-konstruksjonar. Det språklege uttrykket er ei avspegling av dei lange aldedraga og dei store brota. Forvitneleg er det at diktaren ved skildringa av sjøen nyttar same orda og bileta som ein finn i lokale skjergardsnamn, jf. *Faksen* (skjer), *Faksaskjeret*, *Den kvide* (båe), *Brønnes* (til *brim* n. 'bårebrot mot land'), *Hesten* (skjer), *Dunkane* (søkk), *Dønneviga*, *Bragen* (skjer, til *brak* n.) og *Doneviga*, alle frå Jærstrendene (Særheim 1981).

Også namnebruken i *Fred* og andre verk samsvarar med kravet om truverdige miljøskildringar (Særheim 2001). I tillegg speglar mange namn ved det semantiske innhaldet og konnotasjonane spesielle karaktertrekk ved personane og tematiske konfliktar.

3 *Kjelvur* i *Akersbygdi*

I Garborgs litterære verk, først og fremst i Jær-bøkene, men òg i Kristiania-romanar, finn ein mange lokalfarga ord og uttrykksmåtar, særleg ord som er særmerkte for sørvestnorske dialektar. Dette kan gje inntrykk av at forfattaren skriv vestlandsmål, sjølv om språkforma i bøkene har grunnlag i midlandsmåla. Eit slikt inntrykk kan òg ha samband med at målføringa hans er stilsikker, med rot i norsk folkemål. Sjølv om utbreiinga til somme av orda i norske målføre er klart avgrensa, og orda gjerne har fått ei normert form som høver med systemet i eit anna målføreområde enn der dei er heimla, kan ein knapt seia at orda stikk seg ut i forteljinga.

I ei skildring av eit austnorsk landskap i *Bondestudentar* (1883) har forfattaren brukt ordet *kjelve* f., som er det vanlege ordet i jærmålet for 'grasmark, eng': "Akersbygdi laag bleiknande og ven med sine Aakrar og Kjelvur millom Lundar og linde Bakkedrag" (Garborg 1883: 153). Fleirtalsendinga *-ur* høver med midlandsmål. Same ordet finn ein i *Fred*, der eit jærliknande innmarksterreng er skildra: "Nedyver Bakkedrage i Sørhalle, laag Bøarne, Aakrar og Vollar og vene Kjelvur, sundbytte med Steingjerde paa langs og paa tvers" (Garborg 1892: 44). Dette ordet er òg heimla andre stader i Noreg, bl.a. i dalbygder midt i landet (NO 6 314).

Eit særmerkt ord frå jærsk utmarksterreng finn ein i *Haugtussa*. I diktet "I Blaahaug" heiter det om Veslemøy: "so stend ho uppi ein Alvedans-Ring" (Garborg 1895: 216). Ordet *alvedans* m., uttala /ˈalvadans/ i målføret, vert nytta om nedtrykte sirklar eller ringar i utmarka, ofte i gammalt slåtteland. Det heiter i tradisjonen at alvane plar dansa i ring på slike stader. Slike ringar er eigentleg merke etter grøfter kring gamle lagringsstader – såkalla *hjelmar* – for høy. Ordet *alvedans* med den tradisjonen som er knytt til det, høver godt i skildringa av gjetarjenta Veslemøy.

Eit anna lokalt ord for slike hjelmtufter er *hjelmgard*, no med forma *kjengar* (*tjengar*). Opphavet er eit samansett ord gno. **hjalmgarðr* m., jf. *hielmegard* i eit par brev frå Jæren i 1522 (DN 4 795, Særheim 2002b: 382 ff.), og *Tjelmgaard* i protokollen for Stavanger domkapittel frå 1595 (Strand 2007: 87). Ordet ligg føre i fleire teignamn på Jæren, i bestemt form *Kjengaren* /ˈçenjaren, ˈçengaren/. Også ordet *hjelm* m., gno. *hjalmr* m. 'korn- eller høystakk med tak over', uttala /çelm/ lokalt, er vanleg i teignamn i Sør-Rogaland, i tydinga 'hjelm til lagring av høy, torv o.a.'. Det er brukt av Garborg i reiseskildringa *I Heiane*: "Her gror Grase sjølvo-seg; Sæbyggjen kann berre slaa og bera i Kjelm" (Garborg 1903: 121). I forteljinga *Sne* (1886) har dessutan Alexander L. Kielland nytta *hjelm* m. i den agrare tydinga: "Thi Forpagteren vilde heller sætte Hø og Halm i Tjelmer end betro noget til det gamle Hus" (op. cit. 13). Han gjev òg att uttalen i sørvestnorske målføre, noko ein elles finn fåe døme på i diktinga hans (Særheim [2007]: 39 ff.).

4 *Viba, Hodn* og *Sattan* – attgjeving av målføreuttale

I *Fred*, der handlinga føregår i eit jærliknande landskap og miljø, førekjem det mange ord som er særmerkte for sørvestnorske dialektar. Fleire av dei er òg nytta andre stader i Noreg, men samla sett peikar ordbruken i denne romanen mot Jæren og det nærast tilgrensande området. I nokre høve har orda fått ein skrivemåte som samsvarar med jærmålet. Sjølve språket i romanen er ein viktig del av miljø- og karakterskildringa.

Av dei mange fuglane som er omtala i *Fred*, er det ein som skil seg ut, nemleg *Viba*. Denne fuglen er omtala fleire stader i romanen. Her finst òg samansette ord som *Vibeflokkar*, *Vibeskrik*, *Vibereir* og *Vibegg*. Vipa vert gjerne rekna for å vera sjølve jærfuglen. Jamvel den genuine utsegna for det jærske vårvarselet, som lokalt nærast har sakral funksjon, er teken med og attgjeven i samsvar med dialekten: "Vibaa er komaa" (Garborg 1892: 238).

Også dette fuglenemnet har fleirtalsbøying som høver med midlandsmåla: *Vibur* og *Viburne/Vibune* (Garborg 1892: 222, 1922a: 128). Når forfattaren i dette ordet har valt ein skrivemåte som svarar til målføreuttalen, og ikkje *Vipa*, som ein ville venta etter normeringsgrunnlaget i boka, er årsaka den spesielle stillinga som denne fuglen har i det miljøet som er skildra. Sjølve skrivemåten er noko av miljøskildringa: språket som ein viktig del av miljøet. Skrivemåten har fått litterær funksjon. Sjølv om to ulike målføregrunnlag kjem til uttrykk i former som *Vibur* og *Vibune*, blir slike skrivemåtar knapt oppfatta som motstridande eller unaturlege av lesarane.

Forma *Viba* møter ein òg i *Haugtussa*: "Vi–vipp! seier Viba" (1895: 62). Her finn ein dessutan *Maagen*: "Sjaa Maagen ror fraa klaare Nut" (op. cit. 101), men det er normert *Maaken* i seinare utgåver (1922b: 55). Målføreforma *Maage* finn ein òg i førsteutgåva av *Fred* (1892: 113), men normert *Maake* i *Skriftir i Samling* (1922a: 67).

Også andre ord er i *Fred* skrivne i samsvar med jærsk uttale, t.d. *Hodn* ('horn'), med *dn* for *rn*, og *Graudadagen*, med *d* for *t* i *graut*. Det førstnemnde førekjem i ei forteljing om eit fantefølgje: "i det Fylgje var der ei gamal Kjering, ei utgamal ei, so skrukkut og gul som Hodn" (Garborg 1922a: 70). I ei ordforklaring nede på sida er det gjort greie for at ordet tyder "Horn". Førsteutgåva har *Honn* (Garborg 1892: 119). I dette høvet har *Skriftir i Samling* ei form av ordet som speglar målføreuttalen, medan førsteutgåva har ei form som samsvarar med det normeringsgrunnlaget som elles er nytta i boka, jf. *Tjønn* i opningskapitlet (Garborg 1892: 5, 1922a: 3).

Det samansette *Graudadagen* er i romanen nytta om den andre dagen i bryllaupet (Garborg 1892: 30), noko som samsvarar med jærsk tradisjon og nemningsbruk. Denne dagen pla gjestene "gaa paa Garden" (loc. cit), dvs. til andre gardsbruk innom matrikkelgarden, medan hovudmåltidet for dagen, bruragrauten, vart førebudd (jf. Grude 1976: 31 f.). Det er nettopp på denne måten Garborg nyttar nemninga *Graudadagen* i *Fred*. Bruken av dialektnær skrivemåte i *Graudadagen* og *Hodn* har bakgrunn i den spesielle bruken av orda i dialekten og den funksjonen dei har i diktverket. Dette er medvitne litterære val frå diktaren si side.

Fleire stader i romanen bruker Garborg uttrykket *gaa paa Garden* på den gamle jærske måten, nemleg om det som frå gammalt var ein gard (matrikkelgard), men som gjennom åra har vorte delt opp i fleire gardsbruk – som gjerne låg samla i eitt tun (landsby). I *Knudaheibrev* (Garborg 1904: 112) omset han dette uttrykket med "hjaa Grannane".

Også ved skrivemåten av somme sterke uttrykk er det tydeleg at Garborg i *Fred* har ønskt å gje att målføreuttale. Når han t.d. skriv *Sattan* for banneordet *Satan*, har ordet fått ei form som speglar ekte jærmål. Denne forma er gjennomgåande nytta i *Skriftir i Samling*. I førsteutgåva vekslar han mellom formene *Satan* og *Sattan*, gjerne med den sistnemnde i samanhengar der ordet skal ha mest kraft. Denne forma er t.d. lagd i munnen til Napolon Storbrekke og Carolus Magnus, og ho førekjem dessutan i attgjevinga av dei sjuke tankane til Enok Hove (Garborg 1892: 15 f., 226, 318). Også forma *peinadø* (for *pinadø*) er nytta av Napolon. Her finn ein diftongering av den lange *i*-en i førstestavinga, eit språkdrag som førekjem bl.a. på Jæren. Forfattaren får fram den direkte og grove språkføringa til Napolon – som ein del av personskildringa.

I siste delen av forteljinga tek Enok Hove i bruk sterke uttrykk, som *Sattan*, *Dævelen* og *Fenden*, t.d. med formuleringar som: "eg gjev Fenden i Guds Gaavur" (Garborg 1922a: 183). For det sistnemnde uttrykket har forfattaren skrive *Fanden* i førsteutgåva, men *Fenden* i *Skriftir i Samling*. Med forma *Fenden* gjev han att ein uttale av dette banneordet som enno er i bruk somme stader, bl.a. på Jæren og i tilgrensande område, nemleg *feen* /ˈfe:en/ og *fen* /fen/ (den sistnemnde bl.a. frå Bjerkreim). Dette synest vera eldre og meir opphavlege former av banneordet, som eigentleg er ei presens partisipp-laging, svarande til *fienden* (gno. *fjándinn*, av gno. *fjá* vb. 'hata'). Dei meir vanlege formene *fan*, *faen*, *fanden* o.l. er truleg nyare omlagingar, opphavleg eufemistiske (formildande) uttrykk, jf. Nes 1997.

Den mest gjennomførte attgjevinga av målføreuttale i *Fred* finn ein i det verset som Serina syng for veslebroren sin, Vesle-Paulus, når ho skal få han til å sova:

> Paa Daarafjedl'e
> paa Daarafjedl'e,
> der dansa baade Gjeide og Saue.
> Fyre gaar den, so i Pibaa blæs'e,
> ettepaa kjem Kussen den raue
> (Garborg 1892: 184)

Denne strofa er eigentleg siste delen av ein bånsull, som er brukt på Jæren. Det finst fleire variantar av han (jf. Fotland et al. 1980: 25). Garborg har nytta ein av variantane i *Fred*, skriven på målføre. Her er attgjevinga av jæruttalen heilt gjennomført, t.d. med *dl* for historisk *ll* i *Daarafjedl'e* (*-fjellet*), med *d* for *t* i *Gjeide* (*geiter*), med *b* for *p* i *Pibaa* (*pipa*), med *r*-bortfall i presensforma av det linne verbet *dansa* (*dansar*) og i fleirtalsformene *Gjeide* (*geiter*) og *Saue* (*sauer*), med endinga *-å* i bestemt

form eintal av det linne hokjønnsordet *Pibaa* (*pipa*), og med svarabhaktivokalen *-e* i presens av det sterke verbet *blæs'e* (*blæs*). Versjonen i *Skriftir i Samling* er så godt som identisk, men der har ordet *ettepaa* fått ei form som høver endå betre med målføret: *ittepaa* (Garborg 1922 a: 106). Diktaren har valt å nytta ein målføreversjon av denne bånsullen som gjerne kan heimfestast til Jæren ut frå målføremerke. Også i dette høvet kan språkforma, med grannsam attgjeving av lokal uttale, seiast å vera ein del av miljøskildringa. Målførepreget er styrkt i seinare utgåver av boka.

Forfattaren har stundom gjeve opplysningar om ordtydingar i fotnotar nede på sidene. I slike notar kan ein jamvel få rettleiing om korleis uttalen skal vera: "Jorina, Serina, Maria osfr., i det heile alle tristavde Ord, vert ut-tala med tvo tunge Stavingar og ei lett […], altso ikkje Jor**i**na, Mar**i**a osfr." (Garborg 1892: 95, jf. òg 1922a:56). Med hjelpeteikn for vokallengda er det vist korleis uttalen skal vera. I same noten er det opplyst om "Schemae" ("Tonefalle"), dvs. tonemet, for namna *Anna* og *Maria*. Desse opplysningane er heilt i samsvar med uttalen av dei nemnde kvinnenamna i nedervd jærmål – med trykk på førstestavinga og tonem 2.

Også skrivemåten av somme namn i romanen – både person- og stadnamn – reflekterer sørvestnorsk uttale, og er slik ein del av miljøskildringa (Særheim 2001: 167 ff.). Det gjeld t.d. kvinnenamnet *Kjistina* og mannsnamna *Andrias* og *Rasmiss*. Uttrykksmåtar som *Kornelius hans Helge* og *Per der nord* samsvarar med jærsk namnebruk. Det gjer òg bruken av bestemt form av etternamnet til mannspersonar: *Tualand'en*, jf. lokale former som /″bru:ala:en/ og /'la:laen/, etter gardsnamna *Brualand* og *Laland*.

Fleire namn i romanen kan heimfestast ut frå målføregrenser. Etternamnet til *Per Rudlevig* har utviklinga gno. *ll* > /dl/ i føreleddet *Rudle-*, og *k* > /g/ i etterleddet *-vig*, noko som tyder på at det høyrer heime i eit område som omfattar søre delen av Rogaland og ein liten tilgrensande snipp av Vest-Agder. Forfattaren har valt å skriva *dl* for historisk *ll* i ordet *rulle* f. og *g* for historisk *k* i ordet *vik* f., heilt i samsvar med uttalen i området.

5 *Røssegauk* og *Heluna* – bruk av målføreord

I *Fred* har Garborg fleire gonger nytta fuglenemne som er særmerkte for jærdialekten, t.d. *Røssegauken* for 'bekkasin', *Steindilpa* for 'steindolp, steinskvett', *Heluna* for 'heilo' og *Aakerhøna* for 'åkerrikse'. Med skrivemåten *Raudstelken* har han gjeve att uttale med opning av *i*-en til *e* i sisteleddet *stilk* m. *Heluna*, som er ein karakteristisk fugl i dette landskapet, går att i fleire av Jær-bøkene hans, bl.a. i *Haugtussa*: "Men Heluna, vene brune Fuglen" (Garborg 1895: 63). I *Fred* har han i ein note gjort greie for kva for ein fugl det er tale om (Garborg 1922a: 66, noten vantar i førsteutgåva). Ein annan stad i romanen skriv han *Heiloi*. Elles finn ein det samansette *Helunpip*.

Også mange ord for planter, jordbruk, husdyrhald og arbeidet på garden er henta frå oppvekstmiljøet til forfattaren. Av plantenemne kan nemnast *Baliblom* ('balder-

brå'), *Bevregras* ('hjartegras'), *Leagras* ('elvesnelle'), *Mellebær* ('mjølbær') og *Raun* ('rognetre'). For det sistnemnde skriv han òg *Raunebærtre*, jf. dessutan fleirtalsforma *Raunane* og det samansette *Raunbork*. I førsteutgåva skriv han oftast *Rogn* (1892: 44, 176), dessutan *Rognbertre* og *Rognebork*, men ein stad *Raunen* (op. cit. 322). Eit anna typisk jærord er *Randlestav* ('stav av oretre').

For 'poteter' nyttar Garborg i denne romanen oftast nemninga *Eple*, altså 'jordeple', svarande til ordbruken i jærmålet. Han har med fleirtalsforma *Epla*, dessutan samansette ord som *Eplegryta*, *Eplekaalet*, *Epleteigen* og *Eplekjeldaren*, også det i samsvar med lokal målbruk. For det sistnemnde skriv han ein stad *Potetkjeldar*. Elles bruker han verbet *flysja* om å 'skrella' poteter. For frukta 'eple', eple som veks på tre, nyttar han ordet *Søteple*, slik det òg vert gjort på Jæren.

Eit ord for gardsarbeidet som høver med det lokale målet, er *Vaarvinna*, nytta om 'våronna'. Om markstykke på gardane er det brukt ord som *Kjelvur* (*kjelve* f. 'eng'), *Forarne* (*for(d)* m. 'myrslått, myrlende med vassføring'; nytta i førsteutgåva) og *Fæn* (*fen* n. 'myrsump'). Alle tre er vanlege i nedervd mål og dei ligg føre i teignamn. Det førstnemnde, *kjelve* f., vert oppfatta som eit typisk jærord; tradisjonelt nyttar ein andre ord for 'eng, grasmark' i Ryfylke og Dalane.

Ordet *for(d)* m. har språkleg samband med verbet *fara* og svarar til etterleddet *-ford* i engelske stadnamn som *Oxford* og *Stratford*, og *-furt* i dei tyske *Frankfurt* og *Schweinfurt*. Ordet har avgrensa utbreiing i Noreg. Det er, ifølgje ordbøker, brukt på Jæren og i ein tilgrensande del av Dalane. I ein note i førsteutgåva av *Fred* omset Garborg *For* med "Myrslaatte" (1892: 118), medan han i *Knudaheibrev* omset *Fór(d)* med "lita Aa, Myrlende ved ei slik Aa" (Garborg 1904: 8). Der omtalar han *Fóren* og *Fórane* på Garborg, som helst må reknast som teignamn. I ein merknad i *Skriftir i Samling* føyer han til: "Fórane er uppdyrka no. Storfin Eng og Aaker" (op. cit. 146).

Av ord for husdyr kan nemnast *Buje* ('bufeet, buskapen'), *Kretur* ('krøtter'), *Braffebeist* ('gammal hest') og *Smale* ('sauer'), jf. òg *Smalagarden* og *Fjose* ('fjøset'). Fleire av desse orda har forfattaren gjort greie for i notar, bl.a. det førstnemnde, som der er skrive *Bùj* (Garborg 1922a: 127, noten vantar i førsteutgåva), vel svarande til jæruttalen /'boie/. Denne uttalen er utvikla av bestemt form *buet*, gno. *búit* (av *bú* n. 'bufe'), jf. liknande uttale i fuglenemnet /″spoie/ 'spove', gno. *spói* m. Også skrivemåten *Kretur* tykkjest spegla den lokale uttalen, som er /″kretu:r/, med trykk på førstestavinga, tonem 2 og lang *t*. Ordet *braffe* f. /″brafa/ vert lokalt òg brukt nedsetjande om store kvinner, i tillegg til 'gammal hest'.

I førsteutgåva av *Fred* finn ein ordet *Mittingja* (1892: 68), svarande til bestemt form av *mitting* f., som er vanleg i målføret. I seinare utgåver er dette ordet bytt ut med *Mýkdungen* (1922a: 40). Eit tilsvarande innhald har ordet *Hævd*, som òg er nytta. Knytt til arbeidet på gardane er elles ord som *molka* vb. ('mjølka'), *Tussa* f. ('stor tørkeplate til korn') og *Kvasteinen* m. ('bryne'). Alle tre svarar til jærsk ordbruk og uttalemåte.

Også ord for husvære, rom og møblar i husa svarar til jærsk ordbruk. Bestemt form

Bua av ordet *bu* f. er nytta om 'bestestova', slik det er gjort greie for i ein note (Garborg 1892: 18). Her finst elles ord som *Buakammerse*, *Buasenga*, *Bislage*, *Torvskuten* og *Rote*. Det sistnemnde er i ein note omsett med "Loftgolve yvi Stogurome" (1922a: 186, noten vantar i førsteutgåva). Også uttrykket *til Husar* førekjem. I *Knudaheibrev* (Garborg 1904: 36 ff.) omtalar Garborg den gamle byggjemåten på Jæren. Også der nyttar han dei særmerkte orda i dialekten for bygningar og rom i husa, ofte med attgjeving av uttalen, jf. bruken av fleirtalsform, *Huso* (med tonem 1) for 'heimehuset'. I tilgrensande målføreområde finst liknande former, t.d. *husan* (tonem 1) i Dalane.

I *Fred* finst det ei rekkje andre ord og uttrykk for ymse tilhøve som Garborg har henta frå det målet han lærde som barn. Døma som følgjer, er berre eit lite utval: *Besing* ('bisling'), *Bidlund* ('tolmod'), *Driling* ('å dra seg seint og uvillig'), *fellt aat han* ('fortener noko, har godt av det'), *Flaat* ('feitt som flyt'), *Heigraskap* ('halda skøy'), *i Herota* ('elende, galskap'), *Jog* ('jau'; brukt i Ryfylke), *Kakjesbok* ('katekisma'), *putlar og stèl*, *putlar og drikk* ('driv på med steling og drikking'), *skjøyten* ('uvørden'), *slaa Trebonius* ('halda gøymeleik'), *solka seg* ('sola seg'), *Spøt* ('strikketøy'), *trast* ('straks', ikkje brukt i førsteutgåva), *Vandare i* ('la gå, det er ikkje så nøye').

6 Landsmål og målføre

Bruken av ord, uttrykk og uttalemåtar frå jærmålet er, som vist, omfattande i *Fred*. Språket i romanen er sterkt farga av denne dialekten, noko som sjølvsagt er medvitne val frå forfattaren si side ved utforminga av hans naturalistiske Jær-roman. Også språkleg er dette ein Jær-roman. Språket er ein viktig del av miljøskildringa, som òg naturskildringane er det. Garborg let forma retta seg etter innhaldet, eller som han skriv i dagboka for 5.3.1908: "I sjølve mi naturalistiske Tid laut eg laga mi Form sjølv […] Emne og Form maa samsvara" (Garborg 1925: 114).

I denne romanen dreiar det seg, som nemnt, om einskilde allment kjende ord som i visse bruksmåtar er normerte i samsvar med målføreuttalen, t.d. *Viba*, *Graudadagen*, *Hodn*, *Sattan*. Det gjeld òg bruken av ord og vendingar som er særmerkte for denne delen av landet: *i Herota*, *Bidlund*, *Vandare i*, *Heluna*, *Baliblom*, *For* og mange fleire. Dessutan gjeld det lokalmerkt namnebruk som samsvarar med namnebruken i dette området: *Per Rudlevig*, *Per der nord*, *Tualand'en* m.m. Lokalt språktilfang som forfattaren har med seg frå oppveksten, er ein ressurs som han nyttar seg av på ein nyskapande måte, innsiktsfullt og stilsikkert.

Når det gjeld uttale og bøyingsformer, ligg førsteutgåva av romanen (1892) nærare jærmålet enn seinare utgåver, som utgåva i *Skriftir i Samling* (1908/09, 1921/22), der midlandsmål er gjennomført. Når det gjeld bruk av ord og vendingar, er tilpassinga til målføret dominerande både i førsteutgåva og i seinare utgåver. Innom dette feltet har forfattaren i fleire høve styrkt målføreinnslaget i seinare utgåver av romanen. Den lokalmerkte språkbruken er eit klart stilistisk og litterært middel, nytta både i person- og miljøskildringar.

Sjølv om Garborg nyttar mykje lokalt språktilfang i romanen, har han ikkje gjeve att replikkane i *Fred* i dialektform, slik t.d. Amalie Skram hadde gjort nokre år tidlegare (1886) i dei to første bøkene i den naturalistiske romansyklusen *Hellemyrsfolket*, der ho i bøker i dansk språkdrakt gjev att replikkar på nordhordlandsmål (strilamål) og bergensmål. Garborg har rett nok nytta noko austlandsk bymål og norsk-dansk mål – i tillegg til normert landsmål – i replikkar i *Bondestudentar* og (særleg) *Mannfolk* (1886), noko ein òg finn døme på i *Fred* (t.d. i kap. 29), medan han gjennomgåande nyttar normert landsmål i *Hjaa ho Mor* (1890). I *Fred* talar bygdefolket normert landsmål, som òg studentar frå landsbygda i *Bondestudentar*.

For Garborg synest bruken av lokalfarga mål først og fremst vera litterært og stilistisk motivert, som eit verkemiddel; å gje att dialektuttale er ikkje eit mål i seg sjølv. Dette ser dessutan ut til å vera i samsvar med forfattarens plan for norsk målreising: det norske landsmålet ('riksmålet') skulle byggjast på lokale dialektar. Det dreiar seg såleis òg om språkpolitiske val. Slik sett kunne grunnlaget like gjerne ha vore eit anna norsk målføre, men for denne forfattaren og det miljøet som er skildra, var jærmålet det naturlege valet.

For Garborg er målet å skapa eit heilstøypt litterært verk innom den naturalistiske stilretninga, der forminga av språket og stilen er eit viktig grunnlag og ein føresetnad for å lukkast. Sjølv om personane i forteljinga talar normert landsmål, kling ofte tonen og fargen frå det lokale målføret med og set sitt tydelege preg på språket, ved ordbruk og uttrykksmåtar, og i einskilde høve ved spesielle uttaleformer. Normeringsgrunnlaget i replikkane er gjennomgåande det same som elles i romanen, sjølv om forfattaren på ulike måtar får fram særdrag ved individuell språkform og språkbruk. Også dei typiske målføreorda er stort sett normerte, t.d. *i Herota* /i ″herå:då/, *Vandare i* /vana'ri:/, *Bidlund* /″bidlon/. Når han einskilde gonger, men ikkje ofte, vel å bryta med det vanlege normeringsprinsippet ved å gje att lokal uttale, t.d. *Vibaa*, *Sattan*, *Graudadagen*, *Hodn*, er dette medvitne stilistiske val med klar litterær funksjon. Av di slike skrivemåtar er sjeldne og unntak frå regelen, får dei sterk verknad i framstillinga.

7 Målforma i Garborgs verk

Det aller meste av den skjønnlitterære produksjonen til Garborg er skriven på landsmål, og dette skriftmålet nytta han òg som redaktør og journalist, dessutan i somme lengre artiklar og utgreiingar. Garborg tok landsmålet i bruk kring 1877, både som skjønnlitterær forfattar og som redaktør av det nystifta bladet *Fedraheimen*. Som brukar av dette målet måtte han ta stilling til fleire normeringsspørsmål, for landsmålet hadde ikkje ei fast form på den tida. Fleire skribentar hadde valt eit anna normeringsgrunnlag enn det Ivar Aasen la fram i 1850- og 1860-åra.

Som redaktør av *Fedraheimen* nytta Garborg skrivemåtar og bøyingsformer som samsvara med Aasen-forma. Men av brev som han skreiv seinare (jf. Garborg 1980: 186), går det fram at han alt då meinte at det trongst ein enklare skrivemåte for å få

med folket. Som målpolitikar og språknormerar gjekk Garborg sterkt inn for at det nynorske skriftspråket skulle byggja på midlandsmåla, først og fremst telemålet, av di norsk åndsliv i denne delen av landet hadde levd ubrote frå gammal tid, noko som bl.a. kom til uttrykk i ei rik folkedikting.

Arne Garborg og Rasmus Flo, som utgjorde fleirtalet i den første rettskrivingskomiteen for landsmålet (sett ned av Kyrkjedepartementet i 1898), understreka at målformer som var i bruk i dalbygdene midt i landet, hadde spesiell tradisjon i norsk, nemleg i folkediktinga, og at slike mål difor burde vera eit mønster for norsk målføring. Dei rådde til å ta inn i landsmålet bøyingsendingar med dei tre vokalane *-a*, *-i* og *-u*, t.d. i fleirtalsformer av substantiv, som *Bjørkir – Bjørkine*, *Kyrkjur – Kyrkjune*, *Brørar – Brørane*. I eintal av linne hokjønnsord som er jamvektsord, føreslo dei bøyinga *ei Furu – den Furo*, men elles i linne hokjønnsord: *ei Snare – den Snara*. Dei ville dessutan ha kløyvd infinitiv, *vera* og *gløyme*. Midlandsforma vart vedteken som alternativ sideform til Hægstad-normalen, som låg meir opp til Aasenforma; midlandsformene vart tillatne til skriftleg bruk for elevane i folkeskulen.

Viktig for Garborg som diktar var nok det reint estetiske ved midlandsmålet, dvs. rikdomen av former og klangar, ikkje minst som verkemiddel i lyrikk, t.d. i enderim. Når det gjeld val av former i Garborgs dikting, reknar Dale (1950: 60 ff.) med fire periodar, med midlandsformene som den fjerde og siste. I dei tre føregåande periodane hadde Garborg gradvis fjerna seg frå Aasen-normalen, men han gjekk likevel ikkje så langt bort frå Aasen-forma som nokre andre landsmålsbrukarar, t.d. Fjørtoft og Vinje.

Romanen *Fred* (1892) er av Dale (op. cit. 60 ff.) plassert i den andre perioden, saman med Kristiania-romanen *Hjaa ho Mor* (1890) og boka *Kolbotnbrev og andre Skildringar* (1890). I denne perioden nytta Garborg ei målform som låg nær Aasen-normalen frå 1864 (*Norsk Grammatik*), men på nokre punkt fjerna han seg frå denne norma. Medan Aasen skil mellom sterke og linne hokjønnsord i bestemt form eintal, med *-i* i dei sterke og *-a* i dei linne (*Jordi*, *Visa*), nyttar Garborg i denne perioden same endinga, *-a*, i båe typane (*Jorda*, *Visa*). Også i bestemt form fleirtal av sterke inkjekjønnsord nyttar Garborg no *-a* (*Husa*), mot Aasens *-i* (*Husi*). I den første perioden, t.d. i Kristiania-romanane *Bondestudentar* (1883) og *Mannfolk* (1886), følgde han Aasen-normalen på desse punkta.

I den andre perioden har Garborg med andre ord gått bort frå *i*-målet, men seinare skulle han ta det inn att. Målføregrunnlag for *i*-målet finn ein særleg i midlandsområdet, men skilje mellom sterke og linne hokjønnsord i bestemt form eintal førekjem òg i eit område som ligg nær Garborgs heimbygd: Ogna, Bjerkreim, Helleland, Heskestad og Eigersund.

I fleirtal av linne hokjønnsord nyttar Garborg i den andre perioden *-ur* og *-urne*, t.d. *Visur* og *Visurne*, mot Aasens *-or* og *-orna* (*Visor*, *Visorna*). Garborg brukar vokalen *-u* i alle fire periodane, men han tek bort *r*-en i bestemt form i den fjerde perioden (*Visune*). Seinare (kring 1914) tok han inn att *r*-en. Også i fleirtal av andre substantivklassar held han i den andre perioden på *r*-en i bestemt form, t.d. *Hei-*

marne, *Vidderne*, som Aasen (*Heimarne*, *Vidderna*).

Garborg nyttar i den andre perioden *a*-infinitiv (*fara*, *høyra*), som Aasen, i samsvar med heimemålet sitt, som er *a*-mål. Han følgjer òg Aasen når det gjeld bruken av vokalen *-e* i trykkveik stilling i fleirtal av somme substantivtypar og i nokre andre ordklassar, og skriv t.d. *Bekkjer*, *Røyser*, *Føter*, *Bøker*, *driven*, *open*, *ingen*, *yver*. Seinare (etter 1900) skulle han nytta *-i* eller *-a* i slike ord (*Bekkir*, *Røysir*, *drìvin*, *opin*, *ingin*, *yvi*; *Føtar*, *Bøkar*), i samsvar med midlandsmåla. I denne perioden tek Garborg ut nokre stumme *t*-ar og *d*-ar i utlyd og innlyd: *Have*, *funne*, *noko*, *anna*, *kva*, *hovu*, *greia*, *kasta*. Aasen heldt på den historiske konsonanten: *Havet*, *funnet*, *nokot*, *annat*, *kvat*, *hovud*, *greida*, *kastade*.

I Garborgs endelege versjon av *Fred* i *Skriftir i Samling* finn ein *i*-mål (*Jordi*, *Husi*), kløyvd infinitiv (*fara*, *høyre*) og annan vokalbruk i trykkveik stilling som høver med midlandsmålføra, t.d. *Bekkir*, *Røysir*, *Føtar*, *Bøkar*, *vori*, *drìvin*, *vaksin*, *ingin*, *yvi*. Linne hokjønnsord som er jamvektsord, får *-u* i ubestemt form (*ei Stogu*) og *-o* i bestemt form (*den Stogo*). I bestemt form fleirtal av substantiv tek han bort den opphavlege *r*-en og skriv t.d. *Vibune*, *Heimane*, *Viddine*. Som i den andre perioden, utelet han stumme *t*-ar (*Have*, *vori*), men han tek inn att nokre stumme *d*-ar (*Hovud*, *greide*; men *kasta* i preteritum).

Når det gjeld uttale og bøying, ligg førsteutgåva av *Fred*, som nemnt, nærare Garborgs heimemål enn hans endelege utgåve i *Skriftir i Samling*. Det gjeld bl.a. bruken av *a*-infinitiv, av same endinga (*-a*; målføret har *-å*) i bestemt form eintal av sterke og linne hokjønnsord (*Jorda*, *Stova*), dessutan i bestemt form fleirtal av sterke inkjekjønnsord (*Husa*), og *-e-* i trykkveik stilling i fleirtal av nokre substantivklassar og i nokre andre ordklassar (*Bekkjer*, *Røyser*, *Føter*, *Bøker*, *driven*, *vaksen*, *ingen*, *lengje*, *yver*).

Då Garborg i 1902 tok til å nytta midlandsformene, hadde han alt gjeve ut dei viktigaste skjønnlitterære verka sine. Med dette som bakgrunn skriv Dale (op. cit. 55) at "i den forma som dei aller fleste les Garborgs verk no – midlandsforma – *har han ikkje skrivi eit einaste av sine diktverk*". Garborgs midlandsform-periode vara eigentleg berre frå kring 1902 til 1914 (op. cit. 59). I *Dagbok* for siste halvdelen av året 1914 (Garborg 1926) finn ein t.d. former som *Soge*, *Soga*, *Stova*, *Voner*, *Tider*, *Benkjer*, *Sauderne*, *Menner*, *Bøkerne*, *Næterne*, *ingen*, medan ein for første halvdelen av dette året finn *Syndir*, *Vonir*, *Vonirne*, *Gjestir*, *Gongir*, *Stadir*, *Hendar*, *Bøkar*, *Maalmennane*, *Døtrar*, *ingin*. I denne første perioden støyter ein òg på former som *Bygderne*, *Gonger*, *Husmennerne*, *ingen*, altså noko vakling i målforma. I eit brev til Lillehei (17.2.1914) skriv Garborg (1980: 186) at midlandsforma "fekk ikkje mange Forfattarar med seg (og hev no ingen; eg sjølv finn det best no aa halde meg til ei Millomform som berre nettupp skal vise, at eg ikkje held Formspursmaale for avgjort)". Han nytta ikkje midlandsforma i dei viktigaste arbeida frå åra etter 1914, t.d. i omsetjinga av *Odyssevskvædet* (1918) og *Ramakvædet* (1922), eller i *Dagbok* (etter 1914).

8 Avslutning

Garborg er den første diktaren og profesjonelle skribenten som tek i bruk nynorsk skriftmål – landsmålet – innom eit breitt spekter av genrar og stilartar, både skjønnlitterære og faglitterære. Han blir framleis rekna som ein av dei fremste forfattarane innom den nynorske skriftkulturen. Han har dessutan ein omfattande skjønn- og faglitterær produksjon på dansk. Garborg fortel at han sjølv lærde seg å skriva landsmål ved å ta utgangspunkt i sin eigen dialekt, noko som høver godt med idear som Olaus Fjørtoft tidlegare hadde lagt fram. Sjølv om Garborg på einskilde punkt gjorde andre normeringsval enn læremeisteren Ivar Aasen, delte han synet til den eldre målreisaren om at landsmålet skulle vera samnemnar for norske målføre. I den litterære produksjonen sin tek Garborg dette skriftspråket i bruk på ein stilsikker måte innom ei rekkje genrar og stilartar – her er han nybrotsmann.

I dei skjønnlitterære verka sine, t.d. i romanen *Fred*, skaper Garborg stor litteratur på nynorsk mål, bl.a. ved å utnytta rikdommen i sitt eige heimemål. Han medverkar til å gjera dette målet til skriftmål, til del av eit sams norsk riksmål som byggjer på og har element frå dei nedervde norske dialektane.

Litteratur

Dahl, Willy. 1969. Fra syntaks til ideologi. I: *Tekstopplevelser*, red. W. Dahl, 51–56. Oslo–Bergen–Tromsø: Universitetsforlaget.

Dale, Johs. A. 1950. *Studiar i Arne Garborgs språk og stil*. Oslo: H. Aschehoug & Co.

Fotland, Borgny et al. 1980. *Minnest du? Barnesongar og leikar. Rim og regler*. Utg. av Time Bondekvinnelag. Bryne.

Garborg, Arne. [1883]. *Bondestudentar*. Bergen: Fr. Nygaard.

———. 1892. *Fred*. Bergen: Mons Litleré.

———. 1895. *Haugtussa*. Kristiania: H. Aschehoug & Co.

———. 1903. *Fjell-Luft og andre Smaastykke*. Kristiania: H. Aschehoug & Co.

———. 1904. *Knudahei-Brev*. Kristiania: H. Aschehoug & Co.

———. 1922a, b. *Skriftir i Samling*. 4, 5. Kristiania: H. Aschehoug & Co.

———. 1924, 1925, 1926. *Dagbok 1905–1923*. 1, 2, 4. Kristiania: H. Aschehoug & Co.

———. 1980 *Verk*. 12. Red. Sveinung Time. Oslo : H. Aschehoug & Co.

Grude, J[oakim]. [1908] 1976. *Jæderen. Kulturhistoriske Skildringer fra det 19de Aarhundrede*. 2. [2. utg.]. Stavanger: Stabenfeldt.

Kielland, Alexander L. 1886. *Sne*. Kjøbenhavn: Gyldendalske Boghandels Forlag.

Mæhle, Leif. 1969. Arne Garborg: "Den burtkomne Faderen". *Norsk litterær årbok* 1969: 24–39.

Nes, Oddvar. 1997. Fanden. I: *Språket er målet. Festskrift til Egil Pettersen*, red. Jarle Bondevik et al., 122–128. Bergen: Alma Mater.

NO 6: *Norsk ordbok* 6. 2007. Oslo: Det Norske Samlaget.

Strand, Lone Cecilie. 2007. *Babelsk forvirring eller pragmatisk forståelse? En språkbruksanalyse av Stavanger Domkapitels protokoll 1571–1630, med hovedvekt på kodevekslingsteori.* Upubl. masteravh., Institutt for kultur- og språkvitskap, Universitetet i Stavanger.

Særheim, Inge. 1981. *Fakskvite brimhestar* og *æveheims orgetone*. Ord- og biletbruk i Garborgs sjøskildringar og strandbuens stadnamn. I: *Aadne Garborg*, red. Sveinung Time & Egil Lejon, 151–162. Oslo: Noregs boklag.

———. 2001. *Daniel Braut* og *Gabriel Gram*. Nokre drag ved namnebruken i Arne Garborgs dikting. *Maal og minne* 2001: 91–112.
———. 2002 a. “Utanfor, i Vest, bryt Have paa…” – språket som kunst. I: *Veneskrift til Gulbrand Alhaug*, red. Tove Bull et al., 205–210. Det humanistiske fakultet, Universitetet i Tromsø.
———. 2002 b. Norr. *hjalmr* m. og **hjalmgarðr* m. I: *Eivindarmál. Heiðursrit til Eivind Weyhe á seksti ára degi hansara 25. apríl 2002*, red. Anfinnur Johansen, 375–386. Føroya Fróðskaparfelag. Tórshavn.
———. [2007]. “Njædel? – hvad er det for et barbarisk Navn?”. Namnebruken i Alexander L. Kiellands romanar. *Namn og Nemne* 23 (2006): 29–47.

Inge Særheim
Inst. for kultur og språkvitskap
Universitetet i Stavanger
4036 Stavanger
inge.saerheim@uis.no